



UIL-laget 2005 og 2006 er eit av 6 lag som arrangøren stillar

Årets Spar-cup på Heio er ein våt affære, men likevel er arrangementet prega av ein positiv stemning og godt humør. 48 lag stillar opp denne gongen og hvis ein regnar med at det er sju på kvart lag i snitt kjem ein opp i 336 deltakarar.

Og hvis ein legg til 2 vaksne og andre slektingar for kvar ung spelar kjem ein til at det kanskje er 1000 innom Heio denne dagen. Det er klassane 2007, 2006, 2005, 2004 og 2003 som er med på denne cupen, eit høgdepunkt for UIL



Vaffel-laget leia av Åse Myklebust lengst til høgre gjer også ein god innsats

Som vanleg vert han avvikla med stor presisjon sjølv om vergudane gjer sitt med silregn store delar av dagen. Fotballgruppeleiar Odd Steinar Arnesen peikar på at bana er i god stand og strategiske funksjonar under provisoriske tak! Mange bør berømmast, til dømes dei som har ansvaret for trafikk og parkering.



Vått, men likevel triveleg....

Litt forseinkingar var det i starten, men det spela inga rolle. Arrangøren sjølv stilte opp med 6 lag denne gongen

- ein prestasjon i seg sjølve. I tillegg kom vaffel-laget som også gjorde ein imponerende innsats leia av Åse Myklebust.
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Alle deltakarane fekk minifotballar som premie og det er leiar Arnesen som delar ut til eir Halsnøylag. I huset til høgre står speakar Taranger